

Sakshandsamar:

Kent Rune T. Måren

E-post: kenth.rune.maren@sfj.no

Tlf.: 41530971

Vår ref.

Sak nr.: 14/6730-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

31985/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 12.10.2014

Notat**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring**Til:** Hovudutval for opplæring

Skulevurdering som verktøy for kvalitetsutvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren for opplæring har med heimel i opplæringslova §2-1 og § 2-2 sett i gang eit pedagogisk utviklingsarbeid med skulevurdering. Målet er å utvikle eit refleksjons- og prosessverktøy for å vurdere i kva grad skulane når måla som dei har sett seg, og som er sett i læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Skuleutvikling har som mål å forbetre læring og læringsmiljø. For å få til endring er det viktig at heile skulen dreg i same retning og at undervisningspraksisen vert endra på ein slik måte at det gir varige resultat. Om berre ein av skulen sine eldsjeler endrar praksis, vil ikkje skulen sin virkemåte endre seg.

Skulevurdering som metode for dokumentasjon, skuleutvikling og rettleiing.

Skulevurdering er ein godt utvikla metode som gir gode og varige resultat for elevane si læring. Det er ein føresetnad at heile skulen vert trekt med i utviklingsarbeidet, og at elevar, lærarar og leiing er involvert i alle delane av prosessen.

Tom Tiller har m.a. sagt:

“Skulevurdering handler om å få øye på hverdagen og betrakte forholdet mellom hverdag og idealer. Det handler om å forstå det vi ser... Skolebasert vurdering er et sensitivt foretak. Den kryper inn i de mørke gangene med lyktene sine tent. Den har en evne til å få ting som er sopt under teppet til å komme fram i lyset. Den pirker borti de store nervene. Skulevurdering er en komplisert prosess med grensesprengende kraft; i de aller fleste tilfeller til det gode, men forvaltes prosessen ukyndig, kan den skade mer enn den gagnar.”

Resultatet er dokumentasjon av verksemda. Dokumentasjonen gjev grunnlag for planlegging og problemløysing, og kan nyttast som eit ledd i organisasjonsutvikling av skulen.

Skulevurdering er:

- Dokumentasjon og kontroll (vurdering AV et vurderingsobjekt)
- Grunnlag for utviklingsplanlegging (vurdering FOR vidare planlegging)
- Grunnlag for rettleiande diskusjon og læring som planlagt del av skulen (vurdering SOM del av den pedagogisk diskusjon)

Skulebasert vurdering er eit krevjande arbeid som krev kompetanse, energi- og tidsbruk. Vurderinga gjev inga utvikling i seg sjølv, men skal bidra til å bringe skulane vidare i sitt utviklingsarbeid. For å endre praksis må forankringa av prosess, opplegg og mål sikrast. Dette betyr at dei som planlegg arbeidet i stor grad bør vere dei som gjennomfører, og som vurderer konsekvensen av arbeidet på skulen og i klasserommet. Resultatet av vurderinga må følgjast opp med tiltak.

Forankring av arbeidet

Skulevurderinga må forankrast i skulen sitt verdigrunnlag og ivareta normer/etiske dimensjonar og prinsipp som:

- Deltakarprinsippet/demokratiprinsippet (skulevurdering involverer heile skulemiljøet, og alle må medverke i planlegging, gjennomføring og avgjerse).
- Kvalitetskriterier som varetek både indre og ytre legitimitet
- Omsorg og personvern
- Data og dokumentasjon (skulevurdering baserar seg på systematikk i alle deler; korleis informasjon skal nyttast, gjennomføringa av analysen og korleis kome fram til eit vurderingsresultat.)

Det er viktig at tiltaka vert følgt opp, og vert nytta som grunnlag for rettleiing og utvikling. Målet er at skulane skal ta i bruk handlingsrommet sitt på ein fleksibel og kreativ måte.

Organisering av skulevurdering i Sogn og Fjordane



Figur utvikla av Udir

Figuren over viser korleis ein nyttar data/informasjon frå elevar, lærarar og leiing. Informasjonen systematiserast og gjev grunnlag til å peike ut nokre utviklingsområde som skulen har. Utviklingsområda gir grunnlag for å lage eit «framtidsbilete». Dette bilete er ei skildring av korleis skulen ynskjer praksis skal vere. Den ekstern skulevurderinga nyttar dette framtidsbilete som grunnlag for skulevurderinga. Framtidsbilete vert konkretisert og nedbrote til kriterium. Kriteria er teikn på god praksis ved skulen. Skulen sin eksisterande praksis vert vurdert opp mot framtidsbilete av dei eksterne skulevurderarane. Skulevurderarane samanfatar sine funn opp mot framtidsbiletet og skriv ein rapport. Rapporten viser avstanden mellom ynskt praksis og dagens praksis. I etterkant av vurderinga vert skulen følgd opp med rettleiing og tiltak.

Skulevurderarane sin kompetanse.

Fylkesdirektøren for opplæring må bygge opp eit eige vurderingsteam. Den eksterne skulevurderinga bør gjennomførast av likemenn. Teamet skal vere samansett av folk med ulike bakgrunnar frå sektoren. Lærarar, skuleleiarar, rektorar og tilsette hjå fylkesdirektøren. Det er plukka ut om lag 30 tilsette ut frå følgjande kriterium:

- dyktige og reflekterte pedagogar
- kjenne nasjonal policy og sentrale erfaringar/forsking på det aktuelle vurderingsområdet
- variert erfaring frå skulen (lærer, skuleleiar, arbeid sentralt i kommune/fylkeskommune)
- kjennskap til systemet, elev – lærer – team – skule – skuleigar
- god kjennskap til lovverk, forskrift og læreplaner

Det er planlagt opplæring av dette teamet. Turid Mykkeltvedt, ein av utviklarane bak modellen, vil gje teamet opplæring. Opplæringa inneheld

- erfaring med metodikken, dei ulike stega og bruk av malar
- kjenne til og beherske ulike metodar for datainnsamling, m.a. samtalar med ungdom, gruppeintervju osv
- kjenne analyseverktøyet Ståstadsanalysen
- analytiske evner, analyse og samanstilling av data og rapportskriving
- kommunisere funn og gi tilbakemelding som stimulerer til utvikling

Utveljing av vidaregåande skule i vurderingsarbeidet

Fylkesdirektøren for opplæring har valt ut Flora vidaregåande skule som første skulen som skal gjennomføre skulevurdering. Grunngevinga for å velje ut denne skulen er at Flora vidaregåande skule er den vidaregåande skulen som har hatt færrest endringar som følgje av skulebruksplanen. Skulen har heller ikkje hatt endringar i personalgruppa som følgje av prosjekt personal.

Framdriftsplan i arbeidet

Når	Kva	Korleis	Kven	Kvifor
Mai	Samtale med Østfold fylkeskommune om korleis skuleeigar arbeid med skulevurdering	Dele og drøfte erfaringar. Studietur til Sarpsborg	Fylkesdirektøren for opplæring	Kunnskap om andre fylkeskommunar si erfaring med å drive denne type utviklingsarbeid
August	Velje ut skule som kan vere med å utvikle og pilotere	Vurdering av konsekvensar av skulebruksplanen	Fylkesdirektøren for opplæring i samarbeid med rektor	Sikre god forankring
Oktober	Forankring og metodekunnskap Få innblikk og opplæring i skulevurderingsmetodikkene	Kurs i skulevurdering med Udir.	Skulen og tilsette hjå fylkesdirektøren for opplæring	Tillit til metodikken
November	Plukke ut deltakarar til skulevurderingsteamet	Kriteria for kven som egnar seg	Fylkesdirektøren for opplæring	Sikre at det er god breidde i teamsamansetninga
November	Opplæring i Voss-Hardanger modellen	Kurs og hospitering	Turid Mykkeltvedt	Tryggleik i vurderingssituasjonen og metode
November	Fase 1: – Innsamla informasjon om skulen Ressursar – Læringsmiljø – Elevresultat – Lokale undersøkingar – Drøfting av datagrunnlaget i fase 1	Gjennomføre elevundersøkinga	Skulen	God og brei involvering frå heile skulesamfunnet
November	Fase 2: – Eigenvurdering av skulen sin praksis – Administrere og gjennomføre eigenvurdering	Ståstadsanalysen	Skulen	God og brei involvering frå heile skulesamfunnet

November	Fase 3: Analysere resultat og identifisere utviklingsområde innan følgjande tema: – Kompetanse og motivasjon – Tilpassa opplæring og vurdering – Læringsmiljø og rådgiving – Kultur for læring – Leiing – Profesjonsutvikling og samarbeid	Analysere resultat og identifisere utviklingsområde	Skulen i lag med fylkesdirektøren for opplæring	Plukke ut område for vurdering
Desember	Utarbeide framtidsbiletet	Skildre ynskt praksis	Skulen, tilsette og elevar	Anerkjenne og forankre framtidsbiletet i heile skulesamfunnet
Januar 2015	Vurderingsteamet gjennomfører skulevurderinga og skriv rapporten	Observasjon, dialog og intervju. Legge fram resultatet av vurderinga	Vurderingsteame t og fylkesdirektøren for opplæring	Utprøving av vurderingsmetoden
Januar 2015	Skulen jobbar med resultatet av skulevurderinga og føl desse opp i lag med elevar og tilsette	Etablering av den gode praksisen. Kontinuerleg dialog og drøfting	Skulen med støtte frå fylkesdirektør for opplæring og andre fagpersonar	Praksisen er endra

ØKONOMI

Fylkesdirektøren for opplæring har sett av kr. 400.000 til dette arbeidet.